

## **MERKNADSSKJEMA – FORSLAGSSTILLER SIN KOMMENTAR TIL MERKNADAR OG UTTALE - OPPSTARTSMELDING**

<b>Plannamn</b>	<b>Detaljregulering for Snekkevika, Del av gbnr. 464/41, m.fl.</b>
<b>Arealplan-ID</b>	4631-2020007
<b>Saksnummer</b>	20/1094
<b>Utarbeidet av</b>	Arkoconsult AS
<b>Sist revidert</b>	27.05.2022

Avsendar	Hovudpunkt i merknad/uttale	Forslagsstillas kommentar
<b>Offentlege</b>		
1. Vestland Fylkeskommune <b>08.01.2021</b>	<p><b>Naturmangfold:</b> Det er i naturbase registrert ein del myr innafor planområdet. Nedbygging av myr og skog frigjer CO<sub>2</sub>, og svekker samstundes naturens evne til å binde karbon i framtida. Høve til å bygge på myrområde har dei seinare år vert innskjerpa, og vi rår til at konsekvensane av evt. utbygging vert utgreia, sjølv om formålet er avklart i kommuneplanens arealdel.</p> <p><b>Samferdsel:</b> <i>Generelle vegfaglege krav til planarbeidet</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Plassering og utforming av naudsynste tiltak knytt til riksveg/fylkesveg (kryss, avkjørsler, busslommer, tilbod til mjuke trafikantar m.m.)</li> <li>• Tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og nærliggjande målepunkt (t.d. busshaldeplassar, skule m.m.)</li> <li>• Byggegrenser til riksveg/fylkesveg</li> <li>• Tiltaket sine konsekvensar for vegtrafikken i bygge- og anleggsfasen, med særleg fokus på mjuke trafikantar</li> <li>• Tiltaket sine konsekvensar for utvikling, drift og vedlikehald av fylkesvegnettet</li> </ul> <p><i>Særskilde merknadar til planarbeidet – avkjørsel til fylkesveg 565</i> Planavgrensinga må ta høgde for gjeldande reguleringsplan Rv 565 Tolleshaug – Soltveit. I planavgrensinga ligg et ein avkjørsel i nord og ein i sør til fv565. Utbetring av avkjørselen i sør må ikkje kome til hinder for bygginga av den nye vegen i Rv 565 Tolleshaug – Soltveit.</p> <p>Avkjørsla mellom privatveg og fylkesveg treng ein utbetring, spesielt med tanke på siktsona. Utforminga må skje i samsvar med handbøkene til Statens Vegvesen.</p>	<p><b>Naturmangfold:</b> Innspela er tatt til etterretning. Rådgivende Biologer har utarbeida ein avgrensa KU om naturmangfold og klima for området. I den vert det også gjort ein vurdering av CO<sub>2</sub>-utslepp frå myra i samband med utbygginga.</p> <p><b>Samferdsel:</b> Generelle krav til planarbeidet vert tatt til etterretning. Når det gjeld avkjørsler, vil desse oppgraderast i samsvar med Statens Vegvesen sine normalar. Det vil leggjast inn rekkefølgjekrav som sikrar utbetringa av avkjørselen mellom tilkomstveg til Snekkevika og fylkesvegen.</p> <p><b>Kulturminne og kulturmiljø:</b> Innspela vert teke til følgje. Bandleggingssone og omsynssone er lagt inn i plankartet for å sikre at nye tiltak ikkje kjem i konflikt med dei arkeologiske minna. Omsynssona tek utgangspunkt i omsynssona som vart nytta i tidlegare planarbeid, men er noko utfordra, i sør/søraust av vegen f_SV7 og gangvegen f_SGG3, og i vest av f_SV6 og f_BAV. F_BAV er område regulert til lokalisering av avlaupsanlegg. Det er planlagt eit nedgravd minireinseanlegg, og det er berre eit lokk som vil vere synleg i dagen. Dette vil etter vår vurdering ikkje ha ein skjemmande effekt på kulturminna. Omsynssona er trekt vekk frå naustområde BUN5. Eigedomane innafor dette området er regulert med naustformål i samsvar med gjeldande plan. Omsynssona er også trekt vekk frå BFR7, men for å sikre at fritidsbustaden ikkje kjem i konflikt med kulturminna er det lagt inn føresegn som regulerer byggehøgde og utforming. Det er framleis ein samanhengande omsynssone rundt kulturminna. Antal einingar er redusert til 22, blant anna for å sikre tilstrekkeleg areal rundt omsynssonene.</p> <p>Ein har gjennom planarbeidet forsøkt å ta omsyn til den indre farleia, ved å avgrensa fjernverkanden frå sjø. Dette er omtala i planskildringas kap. 5.4.2.</p>

	<p>Fylkeskommunen rår til å leggje inn rekkefølgjekrav i planens føresegn, spesielt for utbetring av avkøyrsla.</p> <p>Nord i planavgrensinga ligg ein avkøyrsel og parkeringsplass ved fv565, som er regulert i den tidlegare planen for Snekkevika. Denne avkøyrsla må oppgraderast og utformast etter handbøkene og etter forventa trafikkmenge.</p> <p>Det må lagast gode løysingar for utbetring av avkøyrslene til fylkesvegen, og fylkeskommunen ber om å få oversendt tekniske teikningar og trafikale vurderinger for gjennomsyn.</p> <p><b>Kulturminne og kulturmiljø</b></p> <p>I samband med tidlegare planarbeid i området blei det i 2013 utført ein arkeologisk registrering. Det vart påvist automatisk freda kulturminne, fem buplassar frå steinalderen. Gjennom reguleringsplanen skal dei automatisk freda kulturminna sikrast vern for framtida ved hjelp av omsynssoner. Sjølve automatisk freda kulturminne, inkludert 5 meters sikringssone, skal markerast som omsynssone d, SOSI-kode H740 i plankartet. For å sikre framtidig vern bør lokalitetane leggjast i ei større, samanhengande omsynssone c, SOSI H570.</p> <p>Tiltakshavar ynskjer å byggje omkring 25 hytter med tilhøyrande veg og infrastruktur. Plasseringa av hyttene som er vist i illustrasjonane er ikkje foreinlag med tilstrekkeleg vern av dei automatisk fremda kulturminna. Lokalitetane skal liggje i eit samanhengande grøntområde, med omsynssoner. Siktsona mot sjøen frå dei arkeologiske lokalitetane skal òg ivaretakast.</p> <p>Planområdet ligg delvis innafor Den Indre Farleia, eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse.</p> <p>Fylkeskommunen ber om at det for denne detaljreguleringa vert utarbeidd føresegner og retningslinjer som sikrar at verdiane til Den Indre Farleia vert teken i vare. Elles ber fylkeskommunen om at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandspakstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.</p> <p>Vestland Fylkeskommune ber avslutningsvis om at planarbeidet legg særleg vekt på fylgjande planfaglege tema i det vidare arbeidet:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kulturminne</li> <li>• Samferdsel</li> <li>• Naturmangfold</li> <li>• Estetikk og verknad i landskapet</li> </ul>	
--	--	--

2.  
Statsforvaltaren i Vestland  
**08.01.2021**

Statsforvaltaren minner om at statlege planretningslinjer skal leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova §6-2 andre ledd. Særleg Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø og Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing må vere sentrale i det vidare arbeidet. Vidare har statsforvaltaren kommentarar om følgjande tema:

#### **Strandsona**

Området ligg i sone tre i statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø. Byggeforbodet i strandsona gjeld også i område med mindre press på areala, jf. PBL 1-8, men det er i følgje dei statlege planretningslinjene lettare for kommunane å vedta planar som opnar for utbygging av strandsona her, enn i kommunar der arealpresset er større. Utbygging bør så langt råd er lokaliserast til område som er utbygd frå før av, slik at ein unngår bygging i urørde område med spesielle kvalitetar.

Eventuell utbygging skal vurderast i forhold til allmenne interesser. Dersom ein opnar for utbygging, må omsynet til andre interesser ivaretakast best mogleg.

I gjeldande reguleringsplan frå 1985 vert det opna for seks fritidsbustader i området. Det er i dag bygget ein fritidsbustad i området, og Statsforvaltaren oppfattar ikkje ein utbygging av rundt 25 nye einingar som ein fortetting. Dei tilgjengelege områda i strandsona må ikkje byggjast ned.

#### **Friluftsliv**

Planområdet rører ved tre forskjellige kartlagde friluftsområde. Desse må takast omsyn til. Statsforvaltaren er elles kritisk til vegløysinga som er illustrert i planinitiativet, kor vegen er vist langs Kjesethjørna.

#### **Klima**

Det er registrert myr i område. Statsforvaltaren viser til Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing, der det mellom anna står at planlegginga skal bidra til reduksjon av klimagassar. Ein bør derfor unngå og plassere tiltak i myr, og dersom ein vurderer å omdisponere myr bør ein undersøke kva type myr det er, og kor mykje klimagassar ein frigir ved utbygging.

#### **Naturmangfold**

Statsforvaltaren minner om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast etter naturmangfaldslova.

#### **Strandsona**

Innspela vert teke til etterretning. Talet på planlagde hytter er redusert frå rundt 25 einingar til 22. I tidlegare Radøy kommune er det generelle byggeforbodet i strandsona erstatta av ei dele- og byggegrense som er vist i kommuneplankartet. Nokre av hyttene, i tillegg til deler av naustområda og småbåthamnene er planlagt utanfor byggegrensa som er sett i KDP. På bakgrunn av dette, er det gjort ein konkret vurdering av tiltaka som strid med byggegrensa, opp mot føremålet med byggeforbodet i strandsona. Tiltaka er også vurdert opp mot SPR for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. Ein kan lese dei vurderingane som er gjort i planskildringas kap. 5.1.4.

#### **Friluftsliv**

Innspela vert teke til etterretning. I det vidare planarbeidet har ein gått vekk frå vegløysinga langs Kjevatnet, blant anna fordi ein ikkje ynskjer å komme i konflikt med natur/friluftsområdet.

#### **Klima**

Innspela er tatt til etterretning. Rådgivende Biologer har utarbeida ein avgrens KU om naturmangfold og klima for området. I den vert det også gjort ein vurdering av CO<sub>2</sub>-utslepp frå myra i samband med utbygginga. Planarbeidet vert vurdert opp mot SPR for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing i planskildringas kap. 5.1.5.

#### **Naturmangfold**

Innspela vert teke til etterretning. Planarbeidet er vurdert opp mot naturmangfaldlova. For å sikre tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet i området har Rådgivende Biologer utarbeida ein avgrens KU om naturmangfold og klima. Ein vurdering av planarbeidet opp mot naturmangfaldslova er innarbeida i planskildringa, sjå kap. 5.5.

#### **Marin verneområde for Lurefjorden og Lindåsosane**

Innspela vert teke til etterretning. Planarbeidets verknad på det marine verneområdet er vurdert i KU for naturmangfold og klima. Elles er det også lagt inn eit føresegna som seier at alle tiltak i sjø skal vurderast opp mot forskrifa om det marine verneområdet.

	<p><b>Marin verneområde for Lurefjorden og Lindåsosane</b>  Sjøarealet i planområdet er del av verneområdet for Lurefjorden og Lindåsosane. Planarbeidet må ta omsyn til verneområdet og planleggje i samsvar med forskrift for verneområdet. Dette gjeld både fysiske tiltak i sjøen og auka forureining frå fritidsbustadane.</p> <p>Avslutningsvis minner Statsforvaltaren om at fritidsbustadane skal lokaliserast og utformast med vekt på landskap, miljøverdiar, ressursbruk og estetikk, jf. St. meld. nr. 21 (2004-2005) og rettleiar T-1450 Planlegging av fritidsbebyggelse.</p>	
3. SVV – Statens Vegvesen <b>08.01.2021</b>	<p><b>Generelle innspel til planarbeidet</b>  Statens Vegvesen legg til grunn ar verknadane planløysingane vil ha for vegtransport og vegnett utredes og framkommer tydleg av planbeskrivelse, risiko- og sårbarheitsanalyse og eventuelle konsekvensutgreiingar. Dette gjeld generelt:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Trafikkssikkerheit for ulike trafikantgrupper</li> <li>• Tilkomstløysingar</li> <li>• Forventa trafikkmengd og kapasitet på vegnettet</li> <li>• Trafikkmønster og reisemiddelfordeling</li> <li>• Parkeringsdekning og -behov</li> <li>• Framkomeleghet for ulike trafikantgrupper</li> <li>• Ivaretaking av nemnte omsyn i anleggsperioden</li> </ul> <p>Eventuelle konsekvensar for utvikling, drift og vedlikehald av vegnett og for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, universell utforming, samfunnstryggleik og framkomeleghet må også utgreiast.</p> <p><b>Konkrete innspel til planarbeidet</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Dagens avkjørsel til planområdet frå fylkesveg 565 oppfyller ikkje tekniske krav til utforming, jfr. Handbok N100. SSV ser det som ein føresetnad at tekniske krav er oppfylt før igangsetjingsloyve blir gjeve for 25 nye eininger.</li> <li>• For fylkesvegen er reguleringsplan RV 565 Tolleshaug – Soltveit gjeldande. Oppstart av arbeidet med strekket Marås – Soltveit er nært føreståande. Reguleringsplanen for Snekkevika må tilpasse seg denne planen og plankonsulet bør kontakte Vestland fylkeskommune for nærmare avklaring av detaljer rundt framdrift og behov for rekkjefølgjekrav.</li> </ul>	<p><b>Generelle innspel:</b>  Innspela vert teke til etterretning.</p> <p><b>Konkrete innspel:</b>  Innspela vert teke til etterretning. Forbetring av avkjørselen vert inkludert som ein del av planarbeidet. Planarbeidet vil også tilpassast planen for Rv 565 Tolleshaug – Soltveit, og ein har hatt dialog med Vestland Fylkeskommune om problemstillingar relatert til samferdsel.</p>
4. Fiskeridirektoratet <b>09.02.2021</b>	<p>Fiskeridirektoratet gjer merksam på at det i Snekkevika er registrert fiskeplass for garnfiske, og at det i Lurefjorden er registrert nasjonalt viktig gytefelt for torsk. Dei føreset det vert utgreiavbøtande tiltak dersom det viser seg at planen legg opp til tiltak som kan gjere skade for det marine biologiske mangfaldet og fiskebruksområdet.</p>	<p>Innspela vert teke til etterretning. Det er lagt inn føresegns som seier at utfylling i sjø innan planområdet ikkje skal foregå i perioden 1. februar til 30. juni grunna gyteperiode for torsk. Elles er avbøtande tiltak lagt inn i samsvar med KU for naturmangfold og klima. Ved utfylling i sjø skal det nyttast siltduk for å hindre partikkelforeining.</p>

5.  
NGIR  
**09.12.2020**

**09.12.2020**

Merknaden er av generell karakter.

Det er viktig at det vest sett av tilstrekkeleg areal for hentestader. Ved fellesløysingar må behaldarar som gjev same volum pr. hushald veljast. Nedgravde avfallsløysingar bør vurderast. Det er viktig at tilkomstvegar til hentestader har tilstrekkeleg breidde og toler tilstrekkeleg akseltrykk, slik at renovasjonsbilen kan nyte dei. Hentestaden bør ligge i eit område som er plant, og renovasjonbilen må kunne gjere operasjonar utan å vere til hinder for andre.

**23.11.2021**

Plankonsulent har i samband med planarbeidet vore i kontakt med NGIR ang. løysingar for renovasjon. Det vart lagt fram to alternative løysingar for renovasjon, enten at ein nyttar eksisterande hyttecontainerpunkt ved Kjeset, eller at ein regulerer eige areal til nye containerar i tilknyting til hyttefeltet.

NGIR har kome med følgjande tilbakemelding:

- Ein kan leggi opp til ein løysing der ein nyttar eit av dei eksisterande hyttecontainerpunkta i området. Hyttecontainerpunkt på Kjeset nyttast av alle hyttar som er i området. Dei nye hyttane i Snekkevika kan også nyttas desse. Her kan utfordring med kapasitet verte ein utfordring.
- Når det gjeld ordninga for hytterenovasjon er det per i dag lagt opp til at avfallet vert samla inn som restavfall.
- NGIR har no nokre prøveordningar i hyttefelt, der containerar står inne i felta, der fungerer sorteringsordningar betre.
- NGIR synast det er ein god løysing å opparbeida plass til hyttecontainerpunkt i veden ned mot Snekkevika eller på parkeringsplass som er tiltenkt i samband med hyttefeltet. Her kan ein sjå om det er mogleg å få til ein god kjeldesortering t.d. papir og plast i tillegg til restavfall. Dette vil i tilfelle ikkje føra til tilleggskostandar for utbyggjar eller hytteeigar.
- Om ein får til ei god sortering kan me redusera volumet for restavfall og ta dette att på dei andre fraksjonane. Utan sortering av plast, papir og matavfall: 2 \* 660L avfallsdunkar. Med sortering av plast, papir og matavfall: 1 \* 660L papir, 1 \* 660L plast, 1 \* bio.
- Ved ei løysing med sortering vil NGIR setje ut ein «postkasse» med materiell t.d. returplastsekkar, bioposar. Sorteringa er ikkje pålagt med NGIR vil tilby dette, som ei prøveordning.
- Skulle det visa seg at sorteringsordninga ikkje fungerer må ein gå attende til standard løysing for hytter.

**09.12.2020**

Innspela vert teke til etterretning.

**23.11.2021**

Det vert regulert areal til oppstillingsplass av felles hyttecontainer i tilknyting til parkeringsplassen i hyttefeltet. Her er sett av tilstrekkeleg med areal til at ein kan legge opp til ei løysing med sortering dersom det er ynskjeleg. Planen opnar også for at ein kan nyte eksisterande hyttecontainerpunkt i nærområde, dersom det skulle vise seg at dette er ein betre løysing.

6.  
NVE  
18.01.2021

Merknaden er av generell karakter.

**Flaum, erosjon, skred og overvatn**

God arealplanlegging er det viktigaste verkemiddelet for å førebygge skader fra flaum, overvatn, erosjon og skred. PBL sett tydlege krav til tryggleik mot flaum, erosjon og skred ved planlegging og utbygging, og TEK17 kap. 7 konkretiserer krava i høve til flaum-, erosjon- og skredfare. På reguleringsnivå vil det ofte være trøng for ei detaljert fagkyndig utgreiing av reell fare.

Auka grad av utbygging i nedbørssfeltet gir auka del tette flater. Dette bidreg til raskare avrenning og meir overvatn. Det er viktig å gjere merksam på at ny utbygging også kan blokkere avrenninga frå høgare område. Økosystem som for eksempel flaumskog, myrer og våtmarker har ein flaumdemplande funksjon som i størst mogleg grad bør takast vare på. Dersom omgjevnadane og/eller resipienten ikkje har kapasitet til å ta imot auka avrenning, må det planleggast for kompenserande tiltak i nedbørssfeltet. Korleis klimaendringar verkar inn på avrenning i byggeområda må også avklarast. Dette må gjerast tidleg i planprosessen slik at det vert sett av tilstrekkeleg areal til tiltaka før bygningar og infrastruktur vert planlagt.

**Vassdrag- og grunnvass tiltak**

Tiltak som kan føre til skader eller ulemper for allmenne interesser, kan utløyse konsesjonsplikt etter vassressurslova.

**Energianlegg**

Planen må ta omsyn til anlegg som er planlagt eller har konsesjon etter energi- og vassdragslovgjevinga. Dersom planen er i konflikt med energiinteresser, bør aktuelle energiselskap involverast.

Elles viser NVE til rettleiarar og verktøy som dei rår til å nytte ved oppstart av planarbeidet.

Innspela vert teke til etterretning. Det er krav om VA-rammeplan for området. Denne vil omtale blant anna overflateavrenning, flaumveger m.m. Elles er aktsemrkarta og eventuelle faresonekart nyttig gjennom planarbeidet.

**Private**

7.  
Snekkevika båt og  
interessellag  
31.12.2020

Snekkevika Båt og Interessellag (SBI) vil ikkje godta bruk av deira veg som tilkomstveg frå fylkesvegen og ned til Snekkevika. Dei legg vekt på følgjande punkt:

- Området nede i Snekkevika er særleg ueigna for gjennomgangstrafikk. Plassen nyttast til båtopptrekk, vask og vedlikehald av båtar, parkering og bading/grilling/fornøyelse. Gjennomgangstrafikk vil vere direkte farleg.

Innspela vert teke til etterretning.

- Val av vegløsing i området rundt Kjesettjørna og nausta i Snekkevika har vore eit viktig fokus i planarbeidet. Vegløsinga som er skissert i planforslaget har plassert avkjørselen frå den eksisterande private vegen noko lengre vest enn i planforslaget frå 2014. Dette gjer at trafikken vil kome lengre vekk frå nausta og områda rundt desse, slik at ny veg ikkje kjem i konflikt med naustområdet. Trafikken vil i hovudsak gå på baksida av nausta.

	<p>2. Vegen ned til Snekkevika er bratt. Mykje brattare enn kravet til ein slik tilkomstveg, som er stigning 1:8.</p> <p>3. Val av vegløysing som svingar av ved Kjesethjørna vil vere umogleg utan store inngrep heilt ned til strandsona ved vatnet. Dette er etter dei meining ikkje foreinleg med krava som vert stilt til skjerming av natur. Dei er også uroleg for to at to kulturminne, restane av eit gammalt kvernhus og stemmegarden til dette, vil gå tapt dersom vegen skal kryssse elva. Tek også med at elva ned til Snekkevika er ein del av eit gytørretvassdrag. Som ein del av naturmangfaldet i området må dette takast omsyn til. Anleggsarbeid her kan gjera stor skade.</p> <p>4. Det overhengande fjellet som er langs vegen forbi tjernet er av ein slik art at det ved fleire anledningar har komme steinsprang opp gjennom åra. Særleg etter forstperiodar har det lagt store steinar midt i vegen. Auka trafikk betyr auka risiko. Botnforholda i tjernet er heller aldri undersøkt. Når vegen vart bygd blei det berre fylt med stein, og dei fryktar at det er ein risiko for at vegen kan rase ut dersom det kjem tungtransport forbi.</p> <p>5. Store deler av vegen frå fylkesvegen og ned til tjernet er fundamentert på jord. Vegen vart køyrd sund då det blei transportert nokre lass med tømmer tidlegare. Dette førte til store kostandar. SBI meiner vegen ikkje vil tolde noko nemneverdig trafikk</p> <p>6. Dersom planarbeidet går vidare med denne vegen som tilkomstveg, vil SBI kreve at kommunen kjem på synfaring igjen. Då dei sist var på synfaring (2015) gjekk dei einstemmig mot etter å ha sett dei faktiske forholda på staden.</p> <p>7. SBI er ikkje ute etter å stoppe prosjektet, men meiner det må vere ein mykje betre løysing med veg får Haugstad. Her kan vegen kombinerast som skogsveg/tilkomstveg, og den kan leggjast fint i terrenget, og vil ikkje vera synleg frå sjøen.</p>	<p>2. Tilkomstvegen til hyttefelta vert utforma slik at stigning ikkje overgår 1:8 (12,5%).</p> <p>3. Vi er einig i at ein vegløysing som svingar av ved Kjesettjørna ikkje er mogleg utan store terrenginngrep. Denne løysinga vert derfor ikkje vidareført. Når det gjeld kvernhuset og stemmegarden, ligg desse slik til at dei ikkje vert råka av vegløysinga. Tiltakets verknad i høve til naturmangfald er vurdert gjennom KU for naturmangfald og klima.</p> <p>4. Når det gjeld grunnforhold langs vegen vil dette måtte vurderast ved søknaden om utbetring av den eksisterande vegen.</p> <p>5. Eventuelle kostnadar knytt til skade på vegen vil dekkast av utbyggar.</p> <p>6. Politisk synfaring kan vere aktuelt til 1. gongs handsaming.</p> <p>7. Skissert vegløysing frå Haugstad vil krevje ca. 1500 m veg, og ha ein pris på ca. 3 mill. Vegen vil då måtte byggast i svært kupert terren, i eit område prega av tettvaksen skog, noko som vil føre til forholdsvis store terrenginngrep. Det vil og innebere at vegen byggjast i LNF-området. Det er også registrert automatisk freda kulturminne i området. Det vil vere uheldig og uforholdsmessig å legge ny veg gjennom urørt natur til nokre få hyttetomtar. Utifra ein samla vurdering er tilkomst via Haugstad etter vår meining ikkje eit betre alternativ. Kommunen har også kome med tilbakemelding om at vegtilkomst ikkje bør leggjast over Haugstad.</p>
<p><b>8.</b> Solfrid Kartveit Eigar av gnr. 459, bnr. 1 <b>14.12.2020</b></p>	<p>1. Som eigar av deler av vegen til Snekkevika, vil ikkje Kartveit godkjenne at vegen vert regulert som tilkomstveg for fritidsbustadane. Tillét ikkje vegrett til nye hyggetomtar i området.</p> <p>2. Meiner reguleringssplanen vil medføre mykje større trafikk og vil derfor verte ei ulykke for gardsdrifta og beitande dyr.</p> <p>3. Dersom ny reguleringssplan ert godkjent må alle kostnader med å utbetre avkjørsla ved fylkesvegen og oppsutring av vegen dekkjast av prosjektet. Det må også setjast opp gjerde langs vegen med avkjørsel for traktor mot innmarka og grind i gjerdet for å hindre dyr å kome ut i vegen.</p> <p>4. Viser til gråsteinmurar ved fylkesvegen som bør takast vare på ved fylkesvegen.</p>	<p>Innspela vert teke til etterretning.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>Dersom grunneigar ikkje tillét vegrett, vil tiltakshavar vurdere å få vegen ekspropriert.</li> <li>Planen legg opp til totalt 22 nye fritidsbustader. Sidan det her er snakk om fritidsbustader vil trafikken i området vere begrensa. Ein vurdering av trafikktilhøve etter planlagt utbygging er gitt i planskildringa sitt kap. 5.9.</li> <li>Alle kostnader knytt til utbetring av veg m.m. vil dekkjast av planens initiativtakar.</li> <li>Gråsteinmurar kan vere mogleg å ivareta dersom ein utvidar krysset i aust.</li> <li>Veg over Haugstad er etter vår vurdering ikkje eit betre alternativ, sjå grunngjeving i tidlegare avsnitt.</li> </ol>

	<p>5. Meiner det er naturleg at ny veg til dei nye hyttene vert bygd frå Haugstad og ikkje over hennar eigedom.</p>	
<b>9.</b> Helge Arne Kolås Eigar av nausttomt, gnr. 464 bnr. 28 <b>04.01.2021</b>	<p>Innspellet fokuserer på tilgjengelegheta til nausttomta, både frå lang og får sjøen. Kolås kjem i tillegg med synspunkt knytt til tilkomstvegen til hyttefeltet.</p> <p><b>Tilgjengeleghet til nausttomta</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Opphavleg stinett i planområdet må oppretthaldast , slik at framkomelegheta til nausttomta blir ivaretatt.</li> <li>I gjeldande reguleringsplan er det regulert inn to naust på tomta Kolås eig. Tilkomst frå/til sjø må bestå framfor tomta. Eventuell framtidig plassering av flytebrygge må ikkje hindre/forstyrre eigendomens frie tilgang til sjøen, eller den framtidige utnyttinga som gjeldande plan opnar for.</li> </ul> <p><b>Tilkomst til hyttefeltet</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Dersom nytt hytteområde nyttar noverande tilkomstveg vil dette medføre større trafikk, spesielt i anleggsperioden. Dette vil medføre ein auka risiko for ulykker, og virke sjenerande. Planlagt veg langs Kjesethjørna vil vere svært skjemmande i eit elles sjeldan fint naturlandskap.</li> </ul>	<p>Innspela vert teke til etterretning.</p> <p><b>Tilgjengeleghet til nausttomta</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Slik planen er utarbeida no, vil ikkje nye tiltak i området hindre tilkomsten til naustet. Framkomlegheta til nausttomta vert sikra ved ein gangveg som førar til området (f_SGG3). Felles småbåthamn for hyttane planlagt aust for naustet til Kolås, slik at tilkomst til/frå sjø ikkje vert hindra. Planen legg ikkje opp til tiltak som endre framtidig utnytting på tomta Kolås eig.</li> </ul> <p><b>Tilkomst til hyttefeltet</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Ein vil følgje gjeldande krav og regler for anleggsarbeidet for å sikre at arbeidet ikkje medfører ulemper for til dømes naturmangfold eller auka risiko for ulykker. Andre ulemper som følger av anleggsperioden, som f.eks. støy og auka trafikk, vil vere forbigåande. Elles har ein gått vekk frå vegløysinga langs Kjesethjørna, blant anna for å skjerme naturlandskapet.</li> </ul>
<b>10.</b> Knut-Arve Kartveit <b>18.01.2022</b>	<p>Kartveit er eigar av hyttetomt gnr. 464 bnr. 79, Alver kommune. Eigedomen er regulert som fritidsbustad i gjeldande plan (felt A1).</p> <p>I det nye planforslaget manglar innteikna hytta som litt på denne tomta. Denne hytta er ennå ikkje oppført, men må koma med også i den nye reguleringsplanen. Denne hyttetomten har vegrett heilt fram til tomta iflg. skylddelingspapira og var den gongen frådelt frå hovudbruket gnr. 64, bnr. 3 av Haugstad i Radøy.</p> <p>Har også vegrett til tomta og har to parkeringsplassar som er kjøpt frå Snekkevika Bår og Interesselag for lenge sidan. Alle hyttetomtene i godkjent reguleringsplan har rett til veg og 1 parkeringsplass. Kartveit er dessutan medlem av Snekkevika Båt- og Interesselag og har også i tillegg 1 stk. parkering og vegrett i samband med naustet som Kartveit eig i Snekkevika.</p> <p>I godkjent reguleringsplan for Snekkevika står det også at det er innregulert 6 stk. hyttetomter inkludert Kartveit si tomt.</p> <p>I godkjent reguleringsplan ligg Kartveit si hytte plassert utanfor området som er merka av som Kulturminne i det nye planforslaget. Tomten er dessutan så stor at</p>	<p>Vi gjer merksam på at brev vart sendt inn 18.01.2022, og ikkje i forbindelse med oppstart av planarbeidet. Kommentarar vert likevel svart på i merknadsskjema.</p> <p>Nausttomten til Kartveit er inkludert i planen som ein del av felt BUN4.</p> <p>Når det gjeld hyttetomta (vist som A1 i gjeldande plan), overlappar denne med både bandleggingssone etter Lov om kulturminne (H730) og omsynssone for bevaring av kulturminne (H570). Det vil ikkje vere mogleg å føre opp ein hytte på tomta slik den er regulert i gjeldande plan, utan at ein kjem i konflikt med omsynet til kulturminna.</p> <p>Planforslaget opnar for etableringa av ein hytte innafor eigedomen til Kartveit, i felt BFR7. Hyttetomta som ligg inne i gjeldande plan (A1) overlappar med automatisk freda kulturminne. For å ikkje kome i konflikt med kulturminnet er felt BFR7 trekt noko lengre aust samanlikna med A1 i gjeldande plan. Grunna kulturminnet i vest, og noko brattare terrenget i nord, vert lokaliseringa av hytten noko begrensa innafor eigedomen. BFR7 er derfor trekt noko inn på tilgrensande eigedom, gnr. 464/86. Om lag 95 kvm av feltet ligg innafor denne eigedomen.</p>

	<p>det ikkje er vanskar med å plassera hytta på denne tomta. Mange av dei nye hyttene i planforslaget er også plassert like tett inntil kulturminna som er avmerka på kartet.</p> <p>Viser til godkjent reguleringsplan Snekkevika og ber om at hans hytte vert plassert på kartet slik godkjent reguleringsplan 1985 viser. Naustområdet for denne tomta må også teiknast slik som i eksisterande godkjent reguleringsplan.</p> <p>Dette må koma med på kartet før ny plan vert utarbeida slik at dette ikkje vert utegløymt.</p>	<p>For å sikre at ein ny hytte innafor eigedomen ikkje kjem i konflikt med kulturminnet, er det sett nokre føresegn knytt til feltet. Byggjehøgd er avgrensa til kote +8. Fritidsbustaden må utformast med flatt tak som skal beplantast.</p>
--	--	---